

---

Saknr: 2020/1928-44  
Saksbehandlar: Dagmar Reutz Hillestad

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet		28.04.2020

Utviklingsplan for Vestland - regional planstrategi 2020-2024, oppfølging av sak

Forslag til vedtak

Fylkeseldrerådet vedtek å gi uttale til utviklingsplan for Vestland - regional planstrategi 2020-2024.

**Samandrag**

Fylkeseldrerådet fekk orientering om arbeidet med regional planstrategi 2020-2024 i rådsmøte 28.02.2020. Rådet merka seg då særleg mål 2: Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv med følgjande strategiar: menneskevenlege fysiske omgjevnader og trygge og inkluderande lokalsamfunn. Like eins er «Like moglegheiter til å delta i verdiskaping» eit viktig mål. Med bagrunn i dette ynskjer fylkeseldrerådet å gi uttale til planarbeidet.

Bertil Søfteland  
seksjonssjef

Dagmar Reutz Hillestad  
utvalssekretær

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Det førebuande arbeid med regional planstrategi for Vestland fylkeskommune perioden 2020-2024 har starta opp. Fylkesutvalet vedtok i desember 2019 den formelle oppstarten av arbeidet med strategien, men gjennom 2019 har det vore ein lang og god prosess med å førebu arbeidet. Det har vore fem regionale dialogmøter rundt om i Sogn og Fjordane og Hordaland, og utarbeiding av kunnskapsgrunnlag.

Å utarbeide utviklingsplan (regional planstrategi) er ei lovpålagt planoppgåve for fylkeskommunen. Ein slik plan skal vedtakast seinast eitt år etter konstituering av fylkestinget - innan hausten 2020. Strategien skal vere ein overordna utviklingsplan for Vestland fylke og gi retning for satsingar for alle forvaltningsnivå og føringar for regionalt planarbeid i perioden. Den skal også fastsetje kva planar som skal utarbeidast dei komande fire åra. Planstrategien bør innehalde eit oversyn over vedtekne regionale planar som framleis skal gjelde, planar som skal reviderast og planar som skal utfasast. Alle kommunane i fylket skal på same måte utarbeide ein kommunal planstrategi som skal vedtakast i kommunestyra i 2020.

Fylkestinga i Sogn og Fjordane og Hordaland tilrådte eit felles arbeid med statistikk og utviklingstrekk og integrering av arbeidet med folkehelseoversikt. Arbeidsutvalet i fellesnemnda for samanslåing av dei to fylka, har hatt ansvar for arbeidet med kunnskapsgrunnlaget. Dette arbeidet har resultert i rapporten Vestland - utfordringar for fylket og regionane og rapporten Folkehelseoversikt for Vestland 2019-2020. Desse skal bli lagt til grunn for arbeidet. Fylkeseldrerådet har fått tilsendt desse plandokumenta tidlegare.

Det er planutvalet i Vestland som skal leie prosessen og drøfte vegval undervegs. Arbeidet skal utførast i samråd med Fylkesmannen i Vestland og KS-Vestland om innhald og prosess, og intern medverknad frå fagutvala og ekstern medverknad frå andre relevante organ. Høyringsperioden vil bli i mai til juni, og det kan bli lagt til rette for eksterne høyringsmøte. Fylkeskommunen vil her vurdere å gjenta dialogmøta som vart skipa til regionvis då ein arbeida med kunnskapsgrunnlaget.

Både frå regionalt politisk hald og i nasjonale forventningar til regional planlegging er det understreka at berekraftsmåla til FN skal leggjast til grunn for planarbeidet. I rapporten om utfordringar for Vestland og i folkehelseoversiktsdokumentet er det vist korleis måla til FN heng saman med hovudutfordringar i Vestland. I regional planstrategi er det naturleg å synleggjere korleis planarbeid i Vestland følgjer opp berekraftsmåla til FN.

### Konklusjon

Fylkeseldrerådet tek presentasjonen i sist møte og informasjonen om arbeidet med utviklingsplan for Vestland - regional planstrategi til orientering. Rådet kjem med bakgrunn i denne orienteringa til å gi sin uttale til planarbeidet.